



NOREGS UNGDOMSLAG

VESTLANDSKONTOR

J.nr. DB/AE
Telefon: 17 507

BERGEN, den 5.12. 1942.
Strandgt. 77

Uskedalen Ungdomslag, blad 3.

fri og sjølvstendig samskipnad som ordnar med sine saker sjølv, uten politisk innblanding.

Styresettet er og endra til det beste. Formannen har vedtaksrett, men er meir enn fleirtalet mot hans vedtak, må det handsamast av høgre hald, Ein har rett på protokolltilførsel når ein er imot eit vedtak. På denne måten vert det alltid lett å halda dei beste og mest aktive krefter på formannsplassen. Det er dei som skal vera det, utan omsyn til alder og politisk syn.

So store og viktige saker som no lagi kan taka opp til løysing, og som mykje kjem inn på kommunalt arbeid, er det heilt turvande at dei mest aktive og klårsynte kjem fram til vedtaksplassen (formannsyrket). Ein har ikkje no råd til å læm opp formenn. No skal der verta frilyndt tevling i praksis om å nå fram til denne plussen, og berre den beste når fram, samt kan ein til kvar tid få den beste fram, soframt der vert gjort noko gale av den som er formann.

Med dette vil ein skyna, at han må tenkja seg vel om og at han soleis handlar under fullt ansvar.

So var det tvangen. Ingen ting i lagsarbeidet er mynta på tvang. Det er laget sjølv, og den einskildelagslem som skal peika ut kva laget skal taka til med. Sjølvsagt i samsvar med gjeldande lover. Noregs Ungdomslag har då i mange, mange år hatt som fast ordtak "Med lov skal landet byggjast". Um ein reknar dette for tvang, so er det ingen skilnad mot før. De var då lovlidige folk, og såg ingen tvang i det, kvifor no ? Tenk vel yver alt dette, og kom til erkjensla av at De har teke i miss, og at det heile på ingen måte er som De har trutt. I samband med lover, kan me nemna: Det er høve til for kvart lag i samsvar med normallov for einskildlag, å koma med tilråding til eigne lover for laget. ~~Lesse~~ må godkjennast av oss. Her kan ein take med alt fra ~~xxx~~ tidlegare lover som er godt, og som ikkje stirr mot lover for Noregs Ungdomslag.

Ein kan her utvida programmet mykje meir og etter som tilhøva er i bygda og for laget, eller som ein ventar det skal verta. Lover for Noregs Ungdomslag gjeld då likevel som grunnlov for alle lag.

Når De ser gjenom alt dette og tenkjer yver alt. Kva er so gale ? Har De mist noko ? Er det gjorts noko politisk inngrep ? Har De ikkje no betre tilhøve enn nokon gong før ?